



**Byggesak**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41  
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001  
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
Heimeside: www.lindas.kommune.no  
Kartside: www.nordhordlandskart.no  
Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

Kaland Trelast AS

Dykker ref.

Sakshandsamar:  
Knut Bjørnevoll

5953 Fonnes

Vår ref.

Telefon  
56375000

2009/2420 - 0 -  
3666/2011

Arkivkode:  
125/56

Dato:  
09.02.2011

Delegert sak

## **Avslag på søknad om endring av løyve - tilbygg til bustad Odd Helge Solberg - gbnr 125/56 Kjeilen**

Vi viser til søknad om endring av løyve motteken 30.12.2010 og vedlagt:

- Teikningar datert 26.11.2010
- Dokumentasjon på nabovarsling
- Merknad til nabovarsel datert 15.12.2010

### **Saksutgreiing:**

Det vart gitt løyve til oppføring av tilbyggi delegert sak datert 26.01.2009.

Etter at det på plan- og miljøutvalet si synfaring i klagesak, kom fram at det i det utførte arbeidet var avvik frå godkjente byggeteikningar, vart arbeidet stoppa og tiltakshavar vart oppmoda om å senda inn søknad om endring av løyve.

Saka vert handsama administrativt, slik plan- og miljøutvalet bestemte i sak 172/10 frå møte den 29.09.2010.

Av endringssøknaden går det fram at tilbygget har vorte større i areal, det har vorte høgare, og det har fått monaleg større takutstikk enn det som var opprinnleig omsøkt og som vart godkjent. Godkjenninga var basert på vidareføring av forma på karnappet, og på at det ikkje låg føre naboprottest etter nabovarsling.

**Berit og Sveinung Hope** har protestert tidlegare, og dei protesterer no, mot tilbygget slik det er oppført:

*Vi samtykker ikkje i søkeres nabovarsel  
Bygget avviker stort frå opprinnleig plan.*

Når det gjeld grunngjeving for protesten, viser administrasjonen til Hope sine protestskriv med vedlegg i den tidlegare klagehandsaminga.

I Plan- og bygningslova av 2008 står det følgjande om estetisk utforming i

### **§ 29-2 Visuelle kvaliteter :**

*Ethvert tiltak etter kapittel 20 skal prosjekteres og utføres slik at det etter kommunens skjønn innehar gode visuelle kvaliteter både i seg selv og i forhold til dets funksjon og dets bygde og naturlige omgivelser og plassering.*

**Vurdering:**

- Tilbygget er større og meir dominerande enn det som opprinnelig vart godkjent.
- Det eksisterande bygget hadde element med rund/mangekanta utforming, som skulle vidareførast i det nye tilbygget. Dette har ikkje lukkast heilt ved oppføringa av tilbygget.
- Tilbygget utgjer endå eit nytt element på bygget som tidlegare har fått tilført eit nytt element i form av eit mangekanta karnapp med spisst tak. Kommunen si grunngjeving for å godkjenna det siste tilbyget, var at det skulle harmonera med karnappet, som vist på godkjent teikning.
- Tilbygget har vorte større i areal, høgare og det har fått monaleg større takutstikk enn det som var omsøkt og som vart godkjent.
- Frå å vera eit interessant innslag i eksisterande bygningsmiljø, har det gått over til å bli eit framandelement, både på eksisterande bygg og i nærmiljøet.
- Ved å bruka byggeskikkelsirkelen (tilrådd av statens byggeskikkutval) vil tilbygget arkitektonisk ikkje ha "samspel i form", men være i "negativ kontrast".
- Med det som no er oppført får tiltaket karakter av "konfliktfylt kontrast". Administrasjonen vurderer dette til å vera i strid med PBL§29-2
- Slik tiltaket står fram vert dette vurdert som skjemmande i seg sjølv og i forhold til omgjevnadene.
- Det ligg føre naboprotest mot tilbygget slik det er oppført.

**Gebyr.**

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

C.5.2. § 20-1	Gebyr
C.5.b.2. Tilleggsgebyr, lite	2.500,-

**Vedtak**

Med heimel i Plan- og bygningslova § 29-2 og grunngjeving i vurderinga ovanfor, vert søknaden om endring av løyve avslått.

*Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.*

*Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. Iklagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Einar Urheim  
fagleiar byggesak

Knut Bjørnevoll

Kopi til:

Berit og Sveinung Hope    Keilegavlen 48    5953    FONNES  
Odd Helge Solberg           Keilegavlen 46    5953    FONNES